



Jon Magne Soltveit Gabrielli
ØVRE SOLTVEIT 11
5939 SLETTA

Referanser:

Dykkar: 3260148f-fe39-4492-86c3-
e55bd516cfe2

Vår: 22/998 - 22/15605

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

23.02.2022

Svar på søknad om endret eller utvidet bruk av avkjørsel - KV 6078 - gbnr 469/5 Vågstaule

Tiltak: Utvida bruk av eksisterande avkjørsle til einebustad med utleigedel
Byggjestad: Nøtlevågen 131 – Gbnr 469/5
Tiltakshavar: Lydia Hoen Tjore
Ansvarleg søkjar: Jon Magne Soltveit Gabrielli

Saka gjeld søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle for einebustad datert


Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det er søkt om å få rive gammalt våningshus og løe på eigedom. Det er tenkt ført opp eit nytt bustadhus med 2 bueiningar. Det vert søkt om utvida bruk av eksistrande avkjørsle frå kommunal veg for ny bustad med 2 bueiningar.

Vurdering/drøfting:

Kommunal veg er etablert som ei eiffeltsveg med to køyreretningar. Avkjørsle som det søkast om utvida bruk for for 2 bueiningar ligger i ytterkant av ei krapp sving. Avkjørsle deles i to private vegar. Ei veg går opp til einebustad på gbnr 469/8 og ei veg går ned til privat kai på gbnr 469/24.



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50
00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Avkjørsle sin plassering gjer at det er relativt god sikt i avkjørsle. Det er ikkje lagt dreneringsrør under avkjørsle.

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert søknaden og kan ikkje sjå at det skal være noko som tilseier at kommunen ikkje kan gje løyve til utvida bruk av avkjørsle.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 2 buëiningar på gbnr 469/5 på vilkår.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg med heimel i Veglova §§ 40 til 43.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle frå offentleg veg som er fastsett av Vegdirktoratet i forskrift av 1964 om «Alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt Vegnormal N100.

Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

- På dei to første metrane frå kommunal veg skal avkjørsle ha eit jamt fall på 5 cm. Etter dette kan avkjørsle ha ei maks stigning/fall på 1:8. Ved fall mot kommunal veg må avkjørsle byggjes og vedlikehaldast slik at den ikkje leder overvatn eller søle inn på kommunal veg.
- Under avkjørsle skal det leggjast ned dreneringsrør med ei indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrør skal leggjast slik at overvatn frå fritt løp inn og ut av røret.

Siktsoner skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Siktsona skal, til ein kvar tid, haldast vedlike av eigar/ brukarane av avkjørsle.

Utfyllande informasjon om krav til sikt og utforming av avkjørsle er å finne på kommunen sin heimeside: www.alver.kommune.no

Søknadsplikt etter plan og bygningslova:

Dette vedtak gjeld avkjørsleløyve etter Veglova. Vi gjer merksam på at tiltaket kan og være søknadspliktig etter plan og bygningslova. Dette må avklarast med byggesak. Evt. gebyr for handsaming etter plan og bygningslova følgjer av gjeldande gebyrforskrift.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jon Magne Soltveit Gabrielli

ØVRE SOLTVEIT 5939
11

SLETTA